

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 01.09.2022

**Vår ref.:** 202112508-12 Oppgis ved henvendelse

**Deres ref.:**

## **Løyve til uttak av grunnvatn til AquaGen AS avd. Profunda i Ørsta kommune, Møre og Romsdal**

Vi syner til dykkar søknad datert 09.07.2021.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av grunnvatn med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 45 i vassressurslova.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt notat, Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld uttak av grunnvatn i Barstadvik og betydinga dette har for dei allmenne interessene knytt til grunnvatnet. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Detaljplanar for miljø og landskap skal behandlast av seksjon for miljøtilsyn i tilsyns- og beredskapsavdelinga.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 4/2018 "*Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga.*" og "*Veileder for detaljplan for miljø og landskap for grunnvannsanlegg med konsesjon*" (2016) som er å finne på <https://www.nve.no/energi/tilsyn/miljotilsyn-vassdragsanlegg/>. Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

### **Om klage og klagerett**

Sjå vedlegg om rett til å klage.



Med helsing

Gry Berg  
seksjonssjef

Ine Cecilie Mork Olsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutinar.*

**Mottakerliste:**

AquaGen AS avd. Profunda - Frode Sætre  
Profunda AS

**Kopimottakerliste:**

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune

STATENS VEGVESEN

ØRSTA KOMMUNE

ASPLAN VIAK AS AVD TRONDHEIM

ASPLAN VIAK AS AVD TRONDHEIM - Mari Helen Riise

Mattilsynet Region Sør og Vest

TBMV - Seksjon for miljøtilsyn vassdragsanlegg - Mari Hegg Gundersen

TBMV - Seksjon for miljøtilsyn vassdragsanlegg - Katarina Eftevand



## Orientering om rett til å klage

|                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
|-------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Frist for å klage                   | Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.                                                             |
| Du kan få grunngjeving for vedtaket | Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| Kva skal med i klagen?              | Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil. |
| Du kan få sjå dokumenta i saka      | Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| Vilkår for å gå til domstolane      | Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.                                                                              |
| Sakskostnader                       | Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.                                                                                                                                                                                                                                             |
| Kven kan klage på vedtaket?         | Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| Kvar skal du sende klagen?          | Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a> . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.                                                                                                                                                                          |



*Denne forklaringa bygger på förvaltningslova sine regler i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*